



Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato:

03.04.2025

Vår ref:

2025/2515

Dykkar dato:

10.02.2025

Dykkar ref:

Vidar F. Sagen-Roland

FAGNE AS
Postboks 2015 Raglamyr
5504 HAUGESUND

Saksbehandlar, innvalstelefon
Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Fråsegn til konsesjonssøknad for 132 kV sjøkabel Reksteren - Otteråi i Tysnes og Austevoll kommunar

Ny straumleidning mellom Reksteren og Otteråi vil få stor samfunnsnytte, men vil føre til inngrep i eit område med store naturverdiar. Vi legg til grunn at nye inngrep i naturmiljø blir avgrensa til det som er nødvendig, og at det blir sett vilkår om relevante avbøtande tiltak som er foreslått i konsekvensutgreiinga.

Vi støttar tilrådinga i konsekvensutgreiinga om val av det nordlege traséalternativet ved Reksteren, men understrekar at det må takast omsyn til korallførekomstane. Det bør nyttast ROV under kabelarbeidet i Langenuen.

Vi viser til førehandshøyring av konsesjonssøknad for ny 132 kV sjøkabel Reksteren – Otteråi. Vi beklagar at vi er seine med å svare.

Etter førehandshøyringa skal konsesjonssøknaden sendast til Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) for konsesjonshandsaming etter «hurtigsporet», altså utan noko ytterlegare høyring av søknaden.

Kort om søknad og KU

Konsesjonssøknaden omfattar følgjande tiltak:

- Ny 132 kV sjøkabel mellom Otteråi/Austevoll og Reksteren/Tysnes (ca. 2,5 kilometer), og jordkabel i kulvert/grøft frå landfall på Otteråi til Otteråi transformatorstasjon (ca. 250 meter).
- Ny kabelendemast på Reksteren; sjøkabelen skal trekkast opp i ei ca. 50 meter lang grønne frå landfall til nemnde mast.
- Eit ca. 160 meter langt luftspenn frå ny kabelendemast til eksisterande 66 kV leidning Langeland – Otteråi.
- Etablering av nødvendige mellombelse hjelpeanlegg, som riggområde og anleggsvegar.
- Sanering av eksisterande sjøkabel mellom Otteråi/Austevoll og Reksteren/Tysnes (2,5 km).
- Sanering av eksisterande 66 kV leidning frå landfall Otteråi/Austevoll til Otteråi transformatorstasjon (200 meter).
- Sanering av to mastepunkt, derav eksisterande kabelendemast og bæremast på Reksteren/Tysnes, og ca. 160 meter luftspenn.

E-postadresse:
sfvlpost@statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvalteren.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger


Besøksadresse:
Njøsavegen 2, Leikanger
Solheimsgaten 13, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00
www.statsforvalteren.no/vi
Org.nr. 974 760 665



Konsekvensutgreiinga for marint naturmangfald er gjennomført etter metodikkrav i Miljødirektoratets handbok M-1941, og er basert på eksisterande informasjon og feltkartleggingar i sjø i januar 2024. Det er utgreidd to alternativ på ved ilandføringa på Ersvika-sida; eit nordleg i Ersvika, og eit sørleg sør for Ersvika. Det er ikkje kartlagt trasé til det nordlege ilandføringspunktet i Ersvika, men det er gjort vurderingar basert på funn i felt og fagleg skjønn.

Det er avgrensa fire naturtypar; to lokalitetar med blandingstareskog og to hardbotnsskorallskog. Det er òg definert fire økologiske funksjonsområder.



Figur 1: Alternative sjøkabeltraséar Reksteren/Tysnes og Otteråi/Austevoll og jordkabel/luftlinje på land (venstre kart) og verdikart for marint naturmangfald (høgre kart). Kjelde: Konsesjonssøknaden.

Våre merknader

Vi legg til grunn at inngrep i naturmiljø blir avgrensa til det som er nødvendig. Dette inneber mellom anna at det blir vald ei straumframføring i tråd med naturmangfaldlova § 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar. Avbøtande tiltak som er føreslege i konsekvensutgreiinga bør setjast som vilkår i ein eventuell konsesjon.

Langenuen er kjent for store marine naturverdiar, mellom anna raudlista korallar. Det kjem fleire nye sjøkablar i området, og det er derfor spesielt viktig å minimere konsekvensane for raudlisteartar og viktige naturtypar.

I konsekvensutgreiinga er det vurdert at konsekvensane for marint naturmangfald vil bli noko større for det sørlege alternativet enn for den nordlege traséen. Vi støttar tilrådinga om val av det nordlege traséalternativet, føresett at det blir teke omsyn til kvit hornkorall, som der førekjem i spreidde førekomstar. Det er òg viktig at kabelen som skal sanerast blir teke opp så skånsamt som mogleg. Det bør stillast krav om bruk av ROV under kabelarbeidet, slik at tapet av korallar blir minst mogleg.

Luftleidninga, rydebeltet og kabelendemasta ved Reksteren, og jordkabelkulverten på Otteråi, vil påverke terrestrisk naturmangfald, og vil bli synlege landskapsinngrep. Vi legg til grunn at alle tiltak blir utforma med best mogleg terrengtilpassing, og at alle mellombelse inngrep blir tilbakeført så langt som råd, i tråd med moderne praksis.

Hogst i naturskog bør avgrensast til tre som kan kome opp i sikringssona for linja. Ver merksame på at gamle furuer som har avslutta lengdeveksten har trekrona endra frå spiss til meir vekst i breidda.

Det er planlagt å leggje støyande anleggsaktivet ved etableringa av landfall og kabellegginga i grøft utanom perioden april – juni, for å unngå å uroe fugl i hekkesesongen. Dette er i tråd med føringar i § 15 i naturmangfaldlova om å unngå «skade og lidelse på villlevende dyr og deres reir, bo eller hi».



Tiltakshavar har eit sjølvstendig ansvar for at det ikkje oppstår forureining i strid med § 7 i forureiningslova, og at avfall blir handtert i samsvar med lov og forskrift. Vi viser òg til reglane for mellombels anleggsverksemd i § 8.

Vi gjer merksam på at den framande arten hamnespy er funne i fleire hamneområde på Vestlandet, og at tiltakshavar har ansvar for å gjere nødvendige risikovurderingar og tiltak for å ikkje spreie denne arten til nye område i samband med prosjektet.

Med helsing

Julie Marie Andersen
seniorrådgjevar

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Austevoll kommune	Kommunehuset	5392	STOREBØ
Tysnes kommune	Rådhuset	5685	UGGDAL
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO